




Modalen har fått navn etter garden og kyrkjestaden Mo (flat sandstrekning). Heilt frå Mellomalderen har Mo vore kyrkjestad for dalen og gardane ovanfor.

Modalen takes its name from the farm and church village of Mo (meaning a flat, sandy area). Ever since the Middle Ages, Mo has been the ecclesiastical centre for the valley and the surrounding farms.



Kvernhusfossen på Otterstad. Foto: Leif Nämndal



Badestranda på Mo.

Foto: Tore Wiers

Rute og ymse av interesse

Terrang: Gater og veg
Fottøy: Vanleg skotøy
Tid: Ca. 40 min.

Parker bilen ved Mo Kyrkje (1). Den vakre trekyrkja er frå 1889, og har ei altertavle frå 1633. Kyrkja er open for omvising i sommarhalvåret. Gå langs den breie Modalselva (2), ei 1,5 km lang elv som er rekna for å

Route and places of interest

Terrain: Streets and road
Footwear: Normal shoes
Time: Approx. 40 minutes

Park at Mo Church (1), a beautiful wooden church dating from 1889 with an altarpiece from 1633. The church is open for guided tours in the summer months.



vera ei god aureelv. Ein kan kjøpa fiskekort ved å ta kontakt med grunneigarane langs elva.

Me går langs det nye byggefeltet på Mo til Mo skule (3).

Her er eit fint uteområde med grill og benkar som ein kan nytta sommars-tid. Vidare går turen forbi eit av dei mange sandtaka i Modalen, Sæten.

Sand har gjennom fleire generasjonar vore ein naturressurs som har skapt næringsgrunnlag og arbeidsplassar i Modalen. Inne på Mo byrja sanddrift under første verdenskrig. Gardbrukarane kjørte sanden med hest og kjerre frå sandtaket og ned til sjøen, der han vart lagra i nausta. Når sandskøytene kom, trilla dei sanden ombord med trillebår. I byrjinga av 1900-talet vart det meir organisert drift, men også i dag vert sanden teke ut og sendt med båtar til Bergen.

Du kryssar no Modalselva over «nyebrua» og over til Otterstadsida. Også her passerar du store sandtak. Til høgre går den gamle ferdavegen (4) som Modalingane nytta når dei skulle til Mo i eldre tider.

Me går langs elva nedover til sjøen, tek turen bort til det offentlege fri-luftsområdet ved båthavna (5). Her er grill og leikeplass. Det ligg eit gammalt naustområde frå 1800 talet (6) som folk på Otterstad hadde båtane, veden og varene sine i. Her er det flott utsyn til dei tre fossane som omkransar Mo; Kvernhusfossen, Bersåna og Grønhaugfossen.

På veg attende til Mo går ein over ei gamal hengebru (7), bygd 1930. Før det måtte folk frå Otterstad ro fjorden når dei skulle til kyrkjjes. Gå så langs elva til de kjem til den flotte stranda (8) med skjellsand, den er verdt eit lengre stopp. Her kan ein bada og sola seg.

På Mo ligg Vertshuset Pegasus (9) i det som før var det gamle handels-laget. Her er bibliotek, galleri og offentlege toalett. I kommunesenteret Mo ligg kommunehuset, post bank, butikk og overnattingsverksemda Troja Sjø og Fritid.

Ved kommunehuset står Nygardstøtta (10). Det er eit minnesmerke over lyrikaren Olav Nygard (1884-1924), ein av dei største lyrikarane i Noreg. Han er fødd og oppvaksen på fjellgarden Nygard, lenger inne i dalen (sjå tur 60). Her 1. verset frå Olav Nygard sitt dikt «No reiser kvelden seg»:

No reiser kvelden seg i vesterbrun,
han trør på lette føter gjennom tun
og skuggeveggen fjell imillom hengjer.
Det gjeng ei kviskring gjennom kjørr og lyng,
og talatrusten skifter ljod og syng
med avdagsskjelven under sine strengjer.

Gå langs den fine trebrygga til de kjem til Sneglahuset (11), ein skulptur laga i steinmassar. Den er forma som eit sneglahus, og du kan gå opp på den og få eit fint utsyn over Mo.

Walk along the banks of the wide Modalselva (2), a 1.5 km river with a good reputation for trout fishing. Fishing permits can be bought from landowners along the river.

Skirting the recent building site, you reach Mo school (3), where there is a pleasant open area with a hot-food kiosk and seats during the summer. The walk continues past Sæten, one of Modalen's many sandpits.

For generations, sand has been a natural resource providing employment and prosperity for Modalen. Sand quarrying at Mo started during the First World War. Farmers drove the sand by horse and cart from the pits to the harbour, where it was stored in a warehouse. When the sand-boats arrived, the sand was taken on board by wheelbarrow. Operations were more extensive in the early 20th century, but even today sand is still quarried and sent by boat to Bergen.

Now cross Modalselva via the 'new' bridge to the Otterstad side, where you will also pass some large sandpits. On your right runs the old road (4) used by the residents of Modalen to reach Mo in former times.

We continue along the river to the lake and the public recreation area beside the harbour (5), where there is a hot-food kiosk and a playground. The preserved 19th-century boathouses (6) are where the people of Otterstad used to keep their boats, wood and provisions. From here you have a good view of the three waterfalls surrounding Mo: Kvernhusfossen, Bersåna and Grønhaugfossen.

The route back to Mo takes you over a suspension bridge (7). Before this was built in 1930, people from Otterstad had to row across the fjord to get to church. Continue along the riverbank to the lovely beach (8), ideal for bathing or sunbathing.

In Mo village you will find the Pegasus Inn (9), housed in the former cooperative building along with a library, art gallery and public toilets. As the administrative centre of the district, the village is also home to the council offices, post office, bank and shops. Accommodation is available at Troja Sjø og Fritid. Outside the council offices stands a monument (10) to Olav Nygard (1884-1924), one of Norway's greatest poets, who was born and brought up on the mountain farm at Nygard, further up the valley (see Tour 60).

Cross the fine wooden bridge to reach Sneglahuset (11), a stone sculpture in the shape of a snail's shell, which you can climb on to get a great view of the village.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.